

Kyrjeklokka

Nr 4 - 2024

Kyrkjeblad for Indre Nordfjord

88. årgang

- * Juleandakt
- * Informasjon frå kyrkjevevja
- * Ny sokneprest i Hornindal
- * Konfirmantfestival
- * Min salme
- * Sommaropne kyrkjer
- * Konfirmantjubileum i Olden og Nedstryn
- * Ny kyrkjeleg medarbeidar

Foto: Geir-Ståle Vatnamo

Telefonnummeret til himmelen



Knut Gjengedal

Veit du kva telefonnummeret til himmelen er? Det er 5015. Kva meiner du, prest? Jo, i Salme 50,15 står det: **«Kall på meg den dagen du er i naud, så vil eg fria deg ut, og du skal gje meg ære.»**

Ring 5015 og Gud vil høyre. Han er tilgjengeleg 24/7. Fantastisk! Han høyrer når vi bed. «Be, så skal de få. Leit, så skal de finna. Bank på, så skal det latast opp for dykk,» seier Jesus i Bergpreika, jfr. Matt. 7,7ff For eit privilegium vi har. Vi kan legge alt vi har på hjartet fram for Gud i bøn. Då vil Guds fred, som går over all forstand, bevare tankane og hjartet vårt i Kristus Jesus, jfr. Filipparbrevet 4,6-7.

No er det snart jul. Gud kom til jorda! Gud vart menneske! «Det sanne lyset, som lyser for kvart menneske, kom no til verda.» (Joh. 1,9) Jesus er lyset i verda! Om vi vil følgje jula sin hovudperson – Jesus- treng vi ikkje å verte verande i mørkret. Lyset overvinn alltid mørkret. «This little light of mine, I'm gonna let it shine. This little light

of mine, I'm gonna let it shine. This little light of mine, I'm gonna let it shine. Let it shine, let it shine, let it shine.»

Lat oss ta imot og opne oss for lyset i verda – JESUS – denne advents- og juletida! Lat Jesus få skine på deg! «Shine your light on me Jesus!» Lat Han også få skina i deg og gjennom deg! Då vil mørkret (synda) i deg bli avslørt. Du kan be om tilgjeving, be Jesus om å reinse deg og fylle deg med sin Ande.

Då kan vi vere «lyset i verda,» slik Jesus snakkar om i Bergpreika, jfr. Matt. 5,14 – 16. Han sa: «De er lyset i verda! Ein by som ligg på eit fjell, kan ikkje gøymast. Ingen tenner ei oljelampe og set henne under eit kar. Nei, ein set lampen på ein haldar; då lyser ho for alle i huset. Slik skal lyset dykkar lysa for folk, så dei kan sjå dei gode gjeringane dykkar og prisa Far dykkar i himmelen.»

Lat oss tenkje på symbolikken `lyset` har når vi tenner lys i adventstida! **«Tenn lys! No stråler alle dei fire lys for han som elsker alt som lever, kvar løve og kvart lam. Tenn lys for himmelkongen som kjem med ljøs og fred. No møtest jord og himmel og englar jublar med.»** Gledelig advenstid!



Kyrjeklokka

Bladet vert levert til husstandar i Hornindal sokn og sokna i Stryn kommune.

Adresserte blad (utanbygdes) får krav på bladpengar på faktura: Kr 300.

Bladpengar for Stryn og Hornindal er frivillig og vi håpar at mottakarane av bladet vil betale inn 300 kr eller meir.

Bankgiro 0538 18 51054

Bankgiro 3795 30 05108

VIPPS: 583131

Vi takkar for innbetalingar og støtte.

Redaktør for dette nummeret: Geir-Ståle Vatnamo

Post til Kyrjeklokka:

kyrkjeklokka@gmail.com

Kyrjeklokka kan også lesast på nettet:

www.stryn.kyrkja.no/Kyrjeklokka

Nytt frå redaksjonen

Redaksjonen ønskjer alle lesarane ei velsigna julehøgtid og eit riktig godt nytt år, og takkar for alle bidrag til bladet

SAKNAR DU EIN RING? ELLER - VEIT DU OM NOKON SOM GJER DET?

Under konfirmasjonsgudstenesta i Innvik kyrkje 11. mai vart det funne ein ring på dametoalettet.

Han er «sølvfarga» med små steinar som «snor seg rundt», på ein måte... Vi la ut bilete på Facebook like etter, men ingen har meldt seg.

No prøver vi denne vegen – om «nokon kjenner nokon, som kjenner nokon.....» og håpar at ringen finn att eigaren sin.

På vegne av
Innvik sokneråd
Torill Bennæs, tlf 934 91 283

Kyrkja i Indre Nordfjord



Stryn kyrjekontor

Tlf 57 87 61 80

Postadresse: og besøksadresse:
Rognehaugen 11, 6783 Stryn

kyrkja@stryn.kommune.no

www.stryn.kyrkja.no

Kontortid: måndag, onsdag, torsdag og fredag

kl 09.00 - 15.00, tysdag kl 10.00 - 15.00

Kyrkjevevje Kari Synnøve Muri. tlf 913 27 882

kari.muri@stryn.kommune.no

Sekretær Margrete Lillestøl

Sekretær Anne L. Honningsvåg

Prestane

For Oppstryn, Loen og Nedstryn

Sokneprest Henny Koppen, tlf 916 01 630

henny.koppen@stryn.kommune.no

For Randabygd og Nordsida

Sokneprest Hege Høibye, tlf 413 75 495

hege.hoibye@stryn.kommune.no

For Utvik

Prestevikar Beate Nes, tlf 986 54 244

beate.nes@stryn.kommune.no

For Innvik og Olden

Fung. sokneprest Knut Gjengedal, tlf 948 32 875

knut.gjengedal@stryn.kommune.no

Trusopplæringa

Kateket Beate Nes, tlf 986 54 244

beate.nes@stryn.kommune.no

Kyrkjelydspedagog Andreas Kråkenes, tlf 922 80 026

andreas.krakenes@stryn.kommune.no

Kyrkjelydsarbeidar Guro Petronella Andersdotter

Nordnæs-Enerhaug, tlf 988 02 257

Volda kyrjekontor (Hornindal sokn)

Tlf 70 07 40 90

Rådhusgata 6a, 6100 Volda

kyrkjekontoret@volda.kyrkja.no

www.volda.kyrkja.no

Kontortid: Må, ty, to og fre kl. 10.00 – 14.00
onsd kl 10:30 – 14:00

Kyrkjevevje Jostein Stråbø, tlf 916 63 549

kyrkjevevja@volda.kyrkja.no

Hornindal sokn

Prestevikar Ove Aksnes, tlf. 90181779

ove@oveaksnes.no



kyrkjaiindrenordfjord



kyrkja i indre nordfjord



stryn.kyrkja.no

Salmekveld I Innvik Kyrkje

Av Torill Bennæs

Søndag 27. oktober var det invitert til samkome i Innvik kyrkje, med salmesong og gjennomgang av det som skjer under ei gudsteneste. Organisten vår, Galya Radeva, og fungerande sokneprest Knut Gjen-gedal sto for opplegget. Kari Syn-nøve Muri var kyrkjetenar.

Kaare Michael Christoffersen, som var prest her eit par år, sto for både preludium og postludium, der han framførte sjølvskrivne songar til eige gitarakkompagnement. Den første, «What am I running to», handlar om dette å flykte frå utfordringar; i den siste, «Home», tek han opp det å kunne vende heim etter at ein har «vore ute i verda» - kanskje i opposisjon mot heimen. Truleg har dei fleste kjent på begge deler....

Eit tjuetals personar var tilstades, og fekk i tillegg til salmebok utdelt eit «skriv» der dei fire «stega» i ei gudsteneste var presenterte – Samling, Ordet, Nattverd og Sending.



Kaare Michael Christoffersen

Nokre av salmane som vart sungne var valde av soknerådsmedlemmer, andre var slike som konfirmantane skal lære under førebuingstida si.

Andre «tema» som vert sunge under ei gudsteneste – hallelujavers, Sanctus, Prefasjonsdialog osv

- vart òg presenterte, og då både Egil Hovland og Tore W. Aas sine «utgåver» - det er ulik praksis i sokna rundt oss for bruk av desse.

Stunda vart avslutta med 3 x 3 klokkeslag, utsending og Kaare Michael sitt postludium.

Minnestein til minnelund ved Loen kyrkje

Av Elle Drageset

Underskrivne er medlem av Loen sokneråd og fekk info om at det måtte skaffast ein bauta-stein til å feste minneplater på til den komande minnelunden ved Loen kyrkje. I og med eg har hytte i eit steinbrot for tida, var det naturleg å gå på "stein-jakt" i nærområdet.

Etter kort gange merka eg meg denne steinen. Etter to timars vidare leiting dukka det ikkje opp nokon likare.

Tidleg neste morgen når ein søvndrukken arbeidar dukka opp, nedsenka i mobilen sin,

spratt eg fram og bad han om å flytte denne steinen til ein lagerplass. (trur han var litt forundra)

På bildet er mitt kjære barnebarn fra Sørlandet som "prøvestår" steinen som ho veit at ein gong vil ho finne navneplata til farmor på.

Soknerådet i Loen har godkjent denne steinen og i Loen er vi veldig glade for at vi får etablert ein minnelund. Ønsker alle lesarar av Kyrkjeklokka ein fin haust.





Henny Koppen



Tankar langs vegen

Use your talents

Eg må innrømme at i dag er eg ikkje ute på vegen. Eg sit på kontoret mitt og ser regnet sile ned utanfor glaset. Og eg tenkjer på det eg nettopp har lese, om misjonsarbeidet vårt i Mali, der «Use your talents» har blitt eit stort og viktig prosjekt. Så kom eg på at dette har eg då sett i praksis, i eit anna Afrikansk land. For nokre år sidan var eg nemleg på Madagsakar, og der møtte eg mellom andre Hasina og Fanja.

Vi møtte Hasina i Fianarantsoa. Ho snakka norsk. Gjennom misjonen hadde ho fått høve til utdanning i Norge. Det vart hotellfagskule. Heime igjen bygde ho opp eit lite hotell, utvida etter kvart som ho fekk råd til det. Ved eit lite søk på nettet fann eg at Hasina no også driv eit reisebyrå, i tillegg til alt anna. I dag har ho fleire tilsette, og ho støttar eit prosjekt i nabolaget der 90 born lærer å ta vare på seg sjølv, utvikle sine eigne evner og interesser og framfor alt får hjelp til å fullføre skulegang. Eg likte særleg dette at dei leitar etter det kvar enkelt er god på og stimulerer borna til å utvikle dette vidare. Det dei ikkje kan få til, får ligge. Det dei er gode på kan etter kvart bli ein leveveg.

I Antsirabe møtte vi Fanja. Ho er kristen, har lært brodering gjennom misjonen og fått hjelp til å starte ei systove. I dag jobbar 40 kvinner hos henne, mange av dei har ho henta inn frå gata, tiggarar og prostituerte. Dei har lært kunsten å brodere. Vi møtte nokre av dei og såg dei i arbeid. Her var det hardangersaum, vakre dukar og serviettar, store stablar med



handbroderte dåpsklutar, og sanneleg var der ei kvinne som sat og broderte ein rogalandsbunad. 40 familiar tener til livets opphald gjennom dette, i tillegg får 50 born i området hjelp til skulegang pluss eit godt måltid mat kvar dag. Snakk om kvinner som har brukt talenta sine, og no stimulerer mange andre til å gjere det same.

Når eg las om prosjektet i Mali reagerte eg på dette: Fleire av deltakarane seier at dei aldri har tenkt på at å arbeide og vere skapande er eit mandat og ei oppgåve frå Gud, og at vi menneske er Gud sine medarbeidarar. Dei er vande med at mykje kristen undervisning handlar om tilgjeving, frelse og evig liv,

og om kva som er god moral i dette livet. No høyrde dei at kristen tru også handlar om å forvalta, byggja og skapa utvikling i og rundt seg.

Dette er nyttig påminning også for oss. Som Guds medarbeidarar skuldar vi å bruke det vi har fått til beste for kvarandre. Og kanskje vi skulle tenkje meir på å utvikle våre sterke sider, for vi kan få til meir enn vi trur. Vi har stort potensiale, vi menneske, og vi gjer sikkert rett i å satse på det vi kan best, det vi likar å halde på med, det vi trur vi kan utvikle oss til. Use your talents, det er dagens utfordring. Use your talents, og gjerne i den lokale kyrkjelyden, der er mykje å ta fatt i.



DEN NORSKE KYRKJA

Stryn kyrkjelege fellesråd

Kyrkjeeverja

Kari Synnøve Muri

VARME I KYRKJENE

I samband med det store meirforbruket på rekneskapen for 2023 har det vore gjennomgang på mange deler av drifta, m.a. straumforbruk. I nokre av kyrkjene har det tidvis vore i varmaste laget, og det har vore rom for ei justering. Kyrkjeeverja bad kyrkjetenarane tidleg på hausten om å justere varmen i alle kyrkjene ned til 19 grader.

Utpå seinhausten har det kome tilbakemelding frå fleire av kyrkjene om at det har vore for lav temperatur under nokre arrangement i kyrkja. Vi jobbar for å utnytte dei tekniske verktøya best mogleg, mellom anna å få mest mogleg presis måling på fjernstyringa.

Det er ikkje ein akseptabel situasjon at folk opplever å fryse i kyrkja, og vi kjem til å justere varmen opp igjen i dei kyrkjene dette har blitt rapportert.

Hovudmålet vårt er at det skal vere godt å kome i kyrkja, og då er høveleg temperatur ein viktig føresetnad.

Nye takstar for festeavgift for gravplassane i Stryn kommune frå 01.01.2025

Festeavgifta vart sist regulert med verknad frå 2019. I tråd med kostnadsvekst, og ynskje om å oppretthalde ein god standard på gravplassane vert det vurdert som naudsynt å auke taksten for feste av kistegrav med 20%, med verknad frå 01.01.2025. Det er tidlegare gjort vedtak om at festeavgift for urnegrav er halvparten av festeavgift for kistegrav, og urnegrav i minnelund er ein tredjedel av festeavgift for kistegrav.

Festeperioden på 5 år er uendra. Regelen om dubla festeavgift etter 60 år vert vidareført.

Eingongsavgift for urnegrav i namna minnelund vart vedteken til kr. 8000,- i 2023, og vert ikkje regulert i denne omgang.

Det gjev følgjande takstar frå og med 01.01.2025:

	Til 60 år (etter siste gravlagde)	60-90 år (etter siste gravlagde)	
Kistegrav	Kr. 300	Kr. 600	
Urnegrav	Kr. 150	Kr. 300	Festeperiode: fem år
Urnegrav i minnelund	Kr. 100		
Eingongsavgift namna minnelund	Kr. 8000		Ved tildeling av grav

Om du ynskjer å opprette avtale om gravstell, kan du ta kontakt med kyrkjekontoret.

Årleg avtale om gravstell: kr. 1400 pr. plantefelt.

Faktura for både gravfeste og gravstell vil bli sendt ut via Digipost, E-faktura eller papirfaktura i månadsskiftet januar/februar 2025.

CONSTANZE LINDNER NY SOKNEPREST I HORNINDAL

Av Harald Vartdal



Fullfører master i teologi

Dei siste åra har Constanze kombinert det nye prestestudiet «erfæringsbasert master i teologi» med presteteneste i Ørsta. -Eg vil fullføre masteren i løpet av våren. Med god tilrettelegging skal det ikkje gå ut over prestetenesta i Hornindal, meiner ho og får samtykkande nikk frå Per Kristian Hovden Sætre. Som legg til: - Constanze vert også prest i Austefjorden og Storfjord (Bjørke, Viddal, Leira). Det gode gudstenesamarbeidet med desse sokna vil halde fram.

Tradisjonar og dugnadsinnsats

Per Kristian Hovden Sætre har i tida som honndalsprest lete seg begeistre av dugnadsånd, ivaretaking av gamle tradisjonar og samarbeid. - At 100 personar kvar skjærtorsdag samlast til gudsteneste på Bruasetra og hausttakkegudstenesta saman med bygdekvinnelaget, er eksempel på viktige tradisjonar som må vidareførast. Og når det gjeld dugnadsinnsats, er den nye kyrkjelydsstova det beste eksempel, understrekar han og dreg fram noko av det han sette aller mest pris på.

-Som sokneprest i Hornindal var det veldig fint å fylgje tre flotte konfirmantkull fram til den store dagen.

Kjenner Hornindal Frå Tidlegare

I katekestillinga hadde Constanze fleire oppdrag i Hornindal; gudstenester, konfirmantarbeid, «Lys våken» m.m. Også som privatpersonar har ho eit godt inntrykk av Hornindal. -Eg blei veldig imponert då vi kom til Grodås Cup og såg korleis dei gjennomførte eit så stort arrangement. Eg har også vore her på 17.mai og opplevd det store engasjementet og oppslutninga. Det vitnar om ei livskraftig bygd!

Constanze Lindner (49) er tilsett som sokneprest i Hornindal. Ho tiltrer stillinga over nyttår. -Eg har høyrte mykje fint om Hornindal og gler meg veldig til å bli betre kjent med kyrkjelyden og bygda. Men det er store sko å fylle når eg overtek etter Per Kristian Hovden Sætre, seier Constanze Lindner.

Rokeringar innad i Møre bispedømme gjorde at Per Kristian Hovden Sætre i haust takka av som sokneprest i Hornindal. -Eg har likt meg svært godt i Hornindal og håpa å vere her lenger enn tre og eit halvt år. Men slik vart det då dei

bad meg overta som sokneprest i Volda, slår han fast. Og legg til: - Eg kjem framleis til å ha god kontakt med honndølene, og stiller gjerne opp når det let seg kombinere med jobben i Volda.

Måtte lære seg sunnmørsdialekt

Constanze Lindner har sine røtter frå Tyskland. Norsk lærte ho som utvekslingselev på Lillestrøm vgs. -Det var berre eitt problem då eg for 18 år sidan søkte og fekk jobb som kateket i Volda; eg måtte leggje om frå austlands- til sunnmørsdialekt, ler ho.

KONFIRMANTFESTIVAL PÅ OPERAHUSET NORDFJORD

Av Henny Koppen



Leah, Melissa og June



Thor Haavik

Den 27. november kunne vi lese dette på Operahuset Nordfjord si facebookside:

Vi er klare for Konfirmantfestival 2024 i Operahuset Nordfjord. Dei kyrkjelege konfirmantane i Nordfjord og Vanylven samlast til festival, og det vert ein innhaldsrik dag med song og musikk, formidling, aktivitetar, workshops, globallop og god mat.

Og slik vart det. Kring 270 konfirmantar og om lag 50 vaksne hjelparar møttest for å skape og oppleve ein dag som skulle bli eit minne for livet. Thor Haavik (Farmen-presten) og Saman-teamet frå KFUK-KFUM hadde hand om det meste av scene-programmet, som vart svært profesjonelt. Det høyrer med at Sight Sing, ten sing-koret frå Stryn var med og song frå scena. Veldig flott. Dei fekk fortent stor applaus.

Dei tre konfirmantane frå Nedstryn sokn, June Guddal Kirkeeide, Melissa Sunde Søvik og Leah Solvik Sunde deler her si oppleving av festivalen.

Det var lærerikt og veldig gøy. Det som var mest lærerikt var å høyre på Thor. Det var interessant å høyre han fortelje om livet sitt og korleis han ber til Gud. Så var det kjekt med det veldig gode bandet og at dei fekk oss med på å synge når vi



Klar for globallop



Stryn tensing

var samla i salen. Det vart ganske flott, for vi var så mange som var med. Dei hadde med ein av songane som vi konfirmantane frå Stryn har lært, og som vi skal synge heile året: Lær meg å kjenne dine veier. Det vart veldig tøft med det proffe orkesteret.

Når vi hadde aktivitetar var det bra at vi fekk velje kva vi hadde lyst å vere med på og at vi vart blanda i grupper med folk vi ikkje kjende frå

før. Det var fint å bli kjend med nye ungdommar på vår eigen alder.

Alle tre var med på aktiviteten Konf Games, som var ein slags cup der vi hadde lag og sirkulerte mellom fleire ulike aktivitetar.

Globalloppet fungerte slik: Vi skaffa oss sponsorar som skulle betale eit fritt valt beløp for kvar runde vi sprang. Det var litt vanskeleg å kome i gong med å skaffe sponso-

rar, men vi fekk då nokre til slutt. Eg (June) hadde tenkt å ta det med ro, men konkurranseinstinkt det vakna og eg sprang heile 12 rundar. Det var ikkje mange som klarte fleire, men dessverre var det ein annan som fekk premien for flest rundar.

DET GROR I MISJONSPROSJEKETET VÅRT I MALI.

Tekst: Henny Koppen

Frode Brügger Sætre er vår mann i Mali no. Gjennom NMS jobbar han stadig blant Fulani-folket, og trass uro i landet får misjonen gjort mykje. På bloggen deira som de kan finne her: <https://nms.no/mali> les vi mykje interessant. Det kan vere verdt å framheve at dei i september har hatt leir for born og unge frå kristne fulanifamiliar, med 21 deltakarar. Nokre av dei hadde reist i fleire dagar for å kome fram til leirstaden. Leiren hjelper ungdommane til å bli trygge i trua, og til å leve som kristne. I tillegg viser det seg at dei som er med blir flinkare på skulen. Interessant var det også med reportasje frå 8. mars-feiringa i Mopti. Parolane frå misjonsfolket var desse: «Nei til barneekteskap og omskjering av jenter», «Ingen fred utan kvinner». Viktige saker.

I siste gjevarebrev frå Mali var det ei ny, viktig sak som var framheva, nemleg prosjektet: Use your talents. Det er eit program som skal dyktiggjere unge menneske til entreprenørskap. Dette er eit undervisningsopplegg som oppmuntrar folk til å ta tak i egne talent og ressursar, for å skapa framgang og verdiar både i eige liv og i kyrkjelydar sine liv. I ettertid av undervisninga har dei unge initiert inntektsskapande aktivitetar. Nokon har til dømes nytta sine talent i informasjonsteknologi til å laga ei internettside der dei annonserer utleigeleilegheiter.

Danaya Goïta jobbar for NMS sin samarbeidsmisjon i Mali, og har ansvar for det NMS-utvikla programmet som heiter Use Your Talents. Tilbakemeldinga på undervisninga var svært god. Fleire av deltakarane har ringt han i etterkant og seier at dei aldri har tenkt på at å arbeida og vera skapande er eit mandat og ei oppgåve frå Gud, og at me menneske er Gud sine medarbeidarar. Dei er vande med at mykje



Mali-misjonær Frode Brügger Sætre, Danaya Goïta og det yngste barnet hans.

kristen undervisning handlar om tilgjeving, frelse og evig liv, og om kva som er god moral i dette livet. No hørde dei at kristen tru også handlar om å forvalta, byggja og skapa utvikling i og rundt seg.

Use Your Talents vert no undervist som faste modular på tre bibelskular som utdannar pastorar i Mali. Det har også spreidd seg frå Mali til Guinea, der Danaya har vore fleire gonger det siste året og undervist både pastorar, lokale misjonærar og studentar knytt til studentlagsrørsla i landet.

Danaya Goïta er overtydd om at Use Your Talent er viktig i utviklinga av Afrika. Han seier: «Use your talents gjev oss bibelske prinsipp for å skapa utvikling. Og så har den eit godt fokus på praksis meir enn teori».

Det handlar om å bruke dei evnene ein har fått til å skape liv og utvikling rundt seg. Det kan til dømes

handle om dei kreative evnene, eller dei administrative, økonomiske eller sosiale. Ein skal styrke dei sidene ved seg, som ein alt er god på. Dette gir altså resultat i Mali. Det er ingen grunn til å slutte å gi pengar til misjonsarbeidet vårt, for her er det god grøde.

Ver med og be for:

Danaya Goïta og utviklinga av Use your talents i Mali og Guinea.



Den første julekrybba

Av Hege Høiby



Det er en tradisjon å sette opp julekrybber til jul. De kan være små og enkle – bare familien med Maria, Josef og Jesusbarnet – og de kan være store og omfattende med hele landsbyer og englekor, eller i naturtro størrelser. Men hvor kommer tradisjonen fra?

I Assisi så vi en del julekrybber, selv om vi var der lenge etter jul. Grunnen til det, er at det er Frans som skal ha laget til den første julekrybba.

Det skjedde i året 1223, i den lille byen Greccio. Frans hadde et ønske om å kunne se med egne øyne, så godt som det kunne la seg gjøres,

hvordan det var når Jesus ble født. Han spurte en mann som bodde i området om hjelp, og han gjorde i stand i en grotte der.

Den 25. desember kom Frans og mindrebrødrene fra mange andre steder, og sammen med lokalbefolkningen, til grotten. Folkene fra Greccio hadde med blomster og lys, og når de kom fram, fikk de se en krybbe fylt med høy, en okse og et esel. Der feiret de messe, og Thomas av Celano, som skrev de første beretningene om Frans sitt liv, forteller at grotten ble et nytt Betlehem, der skogen og klippene gjenglødt av sang, og lysene som alle bar gjorde at natten ble som den

klareste dag. Nattverden ble feiret med krybba som alter, for Jesus er synlig og legemlig til stede i brødet og vinen, på samme måte som han var som barnet i krybba. Og for noen av de tilstede, synes de at de så et virkelig barn ligge i krybba.

Og det er også en del av det som skjer når vi setter fram julekrybbene våre: det som den gang skjedde, at Jesus ble født, får bli synlig for oss, og kanskje vi også får oppleve at våre hjem, og kirker, og gater, kan bli et nytt Betlehem, der Jesus kommer og er blant oss.

Forteljing om Kyrkjebåtane i Blakset

Av Kjell-Olav Gausnes



Litt få som ror, men den yngre garde er representerte som utkikk og styrmenn.

I tidlegare tider, før vegen kom til Blakset i 1959, var det i hovudsak to måtar å kome seg til og frå bygda. Anten kunne ein gå ei av rutene inn til Robjørane eller ein kunne nytte båt. Etter at det byrja å kome motorbåtar vart mykje av varer og folk frakta med ein av desse båtane. Det var fleire som hadde slike fraktebåtar som yrke eller attåt næring. I overgangen mellom robåtar og motorbåtar var det av og til at dei tok robåten på slep etter motorbåten for å få med seg meir folk. Før moteorbåtane kom her i fjorden måtte ein segle eller ro når ein skulle nokon plass. Vindforholda i Blakset er slik at segling var lite brukt og då måtte ein ta årane i bruk. Den mest brukte båttypen var færingen. Dette er ein lettrodd båt med to årepar. Denne vart brukt om lag slik vi nyttar bilen i våre dagar. Var det fleire som skulle i veg nytta dei større båtar.

I Blakset har vi hatt fleire båtar som har vore nytta til kyrkjeferd. Kvar grend hadde sin båt.

Roset/Ulvedal har ein femkjeiping som heiter Rodulf. Ein femkjeiping har 5 årepar og det er 10 stykke som ror. I tillegg kan det sitje folk framme i stammen og bak i skota. Rodulf er 10 meter lang. Vi veit ikkje nøyaktig byggeår på Rodulf, men antar at det er rundt år 1900.

Midtgrenda har ein femkjeiping som heiter Haakon. Denne er lik Rodulf, men er ein god del nyare. Grunnen til det er at etter Lodalsulukka i 1936 vart båten til Midtgrenda henta inn til Loen for å brukast i oppryddingsarbeidet. Det var hard bruk og båten var ikkje i stand til å brukast til Kyrkjebåt etter dette. Det vart derfor bygd ein ny båt ca. 1937.

Instegrenda hadde ein firkjeiping (åttring) som heitte Blix. Denne hadde fire årepar. Blix vart, til liks

med Haakon, brukt under oppryddingsarbeidet i Loen og ny Blix vart bygd etter 1936. Under vegarbeidet mellom Olden og Innvik i 1924 til 1935 Vart Blix brukt til skyssbåt for arbeidarane her i frå bygda. Blix vart øydelagt under flaumen i Steindøla i 2011.

I tillegg til Rodulf, Haakon og Blix er her også ein seksring. Seksringar har tre årepar. Denne båten var nytta blant anna når ungdomane skulle over fjorden og lese for presten eller konfirmantundervisning som det heiter no.

Kyrkjebåtane var nytta både til vanlege preikesøndagar og til gravferd, bryllaup og barnedåp. Var det mange som skulle over måtte ein ta fleire vender. Det går omtrent 45 minutt å ro over fjorden, så måtte nokre få ro tilbake og hente dei som venta på å få kome over.

Når det var gravferd vart kista plassert på toftene midt i båten. Etter gamal overtru tok dei ikkje kista om bord ved Kyrkjenaustet. For å unngå at den døde ikkje skulle gå igjen tok dei kista om bord på ein annan plass. Det berget som vart nytta til dette heiter Likstadberget. Her er det bra forhold å laste om bord både på flo- og fjære sjø.

Kyrkjebåtane har vore lite brukt dei siste åra bortsett frå nokre år der vi har hatt dei ute i samband med jonsokfeiring. I 2024 har Haakon vore på tur til Innvik i samband med 200 års jubileu for Innvik kyrkje og ein tur til Sølvsbergsnausta i lag med Rols (Kyrkjebåt frå Fjelli) og Nordfjordtausa (kopi av Holvikjekta)

Haakon og Rodulf ligg trygt og godt plassert i Kyrkjenaustet på Blakset. Begge båtane er i bra stand alderen teke i betraktning. Haakon vart smurt utvendig og innvendig i som-



Haakon på fjorden ved Joberget med jonsokbål. Berget som stikk ut i fjorden til venstre på bilde er Likstadberget.

mar så han er klar for fleire turar. Det vi vonar er at nye generasjonar skal få prøve å ro desse båtane og at dei vil få ei kjensle at av dette er deira båtar. På den måten vil komande generasjonar ta vare på båtane. Det er Blakset Bygdelag som har ansvaret for båtane og Kyrkje-naustet i dag.



Utlevering av koldtbord, snittar, kaker m.m.
Fødselsdagar, selskap, møte og kurs.

Innvik Fjordhotell, Misjonsheimen AS
6793 Innvik, tlf. 57 87 49 90
e-post: post@innvikfjordhotell.no
www.innvikfjordhotell.no

Konfirmantar Hornindal kyrkje 7. september 2024



- 3. rekke:** Sina Pauline Utvær Nesdal, Henry Høydal, Elisebet Kanutte Hamre Lødemel, Jamie Hellesø Hawkins
2. rekke: David Nistad Faulk, Leon Alexander Øen, Elias Almenning Hjellbakk, Eldar Ekblom Lillestøl, Selma Hove Sollid, Cecilie Lødemel, Erling Knutson Hessholm Kroken, Kanutte Malene Øen, Lene Amalie Nygård Leite
1. rekke: Alma Emilie Nygård Seljeset, Jonas Hole Brekke, sokneprest Per Kristian Hovden Sætre, John Eirik Navelsaker, Karoline Aarflot Skjåstad

«Syng med oss» i Oppstryn

Av Oppstryn sokneråd

Søndag 27. Oktober inviterte soknerådet til songkveld i kyrkja. Alltid spennande å sjå om det vi satsar på vert teke godt i mot, og vi hadde vi treft bra, nesten 50. Denne gongen var Henny i kontakt med Fjellsus, eit reint damekor som såg dagens lys i forkant av stenging av den gamle Blakset-tunnelen. Ikkje alle i koret hadde høve til å vere med, men flinke var dei likevel. Vi fekk høyre 3 vakre singlar, «E du nord» av Kari Bremnes, «My church» av Maren Mørns og «Like a migh river» av Reflex. Alle akompagnert av vår dyktige organist Anders Kvile. Songane som vi elles fekk høyre, var plukka ut av kvar einskild i soknerådet. I forkant av dei, fekk vi og ei god og lærerik opplysning både om sjølve songen og tekstskrivar, framført av Henny og Marie Johanne. Thor Robson Hjelle stod for tekstlesinga denne kvelden, ein flink ungdom som tek utfordring på «strak arm». Etter ei kjekke songøkt, der tida gjekk



veldig fort og alt det formelle var over, takka leiaren av for kvelden. Det vart så tid til kyrkjekaffi, ei god heimebaka kringle og ein twist-bette attåt, og ikkje minst ein god prat.

Tusen takk til alle som var i kyrkja denne kvelden og som er med og

bidreg til at dette gjev oss ein ny kveik til neste songøkt.

Så ynskjer vi alle rundt om ei kjekk og triveleg førjulstid!

Hausttakkefest Innvik

Av Geir-Ståle Vatnemo

6. oktober feira vi hausttakkefest i Innvik kyrkje. Den dagen takkar vi Gud for markens grøde. At vi kan ete oss mette kvar dag er ei gåve frå Gud.



Erik (t.v.) og Emil Drageset Hestnes forsyner seg av markens grøde. Dei verkar svært tilfredse med det dei har henta.



Markens grøde utstilt av soknerådet i Innvik kyrkje.

Til hjelp i sorga
sidan 1978



Vi er her når de treng oss som mest,
og hjelper dykk å lage ei personleg,
fin og verdig gravferd. Slik de ønskjer.
De kan kontakte oss heile døgnet.
Vi har teieplikt og kan møtast til
samtale på eitt av våre kontor,
eller heime hos dykk.

905 50 905 (døgnoopen vakttelefon)
post@hjelmeland.as
www.hjelmeland.as

Tonningsgata 42, 6783 Stryn

Vi er i Nordfjord – for Nordfjord

Hjelmeland
BEGRAVELSESBYRÅ

Fjordferd
BEGRAVELSESBYRÅ



Alltid til teneste ved dødsfall og gravferd
Stryn - Stad - Volda - Stranda - Fjord



Sjå heimesida vår for prisar
www.fjordferd.no


Tlf. 458 50 300

- Vi er her for deg når du treng oss -

Gravminne

Namne-
tilføyningar

Oppfrisking



EIDE STEIN AS

www.eidestein.no 712 99 250



- i samarbeid med Fjordferd Begravelsesbyrå



Mange salmar kan vere mine. No går vi inn i adventstida. Vi skal førebu oss til feiring av kristmesse, Jesus som kom og som kjem igjen. Og som stadig skal leve i våre hjarte og gje inspirasjon til å leve eit liv for Han.

Eg har to-tre særleg gode adventssalmer, det blei nr 2 i salmeboka, Folkefrelsar til oss kom.

Den er skreven av biskop Ambrosius. Han levde på 300-talet og deltok i diskusjonar rundt kven Jesus er. Det enda opp med Den Nikenske truvedkjenninga, brukt av kyrkjer rundt heile jorda. Vi bruker den juledag, påskedag og pinsedag for å markere at vi er del av den verdsvide kyrkja. Denne salmen inneheld mykje av andre trusartikkelen. Jesus er sann Gud og sant menneske, for ned til dødsriket og sto opp.

Salmen er omsett i 1905 av Bernt Støylen. Melodien er frå 1100-talet. Dette er ein læresalme, men den flotte melodien gjer den og til ein lovsang det er ei glede å synge og å høyre.

Til neste nummer er Brit Lundby Hilde utfordra til å skrive "Min salme".

Min salme

ved Kirsten Skogstad Johansen

Folkefrelsar til oss kom

Skreven av biskop Ambrosius av Milano

Folkefrelsar, til oss kom,
fødd av møy i armodsdóm!
Heile verdi undrast på
kvi du såleis koma må.

Herrens under her me ser,
ved Guds Ande dette skjer.
Livsens ord frå himmerik
vert i kjøt og blod oss lik.

Utan synd han boren er
som all synd for verdi ber.
Han er både Gud og mann,
alle folk han frelsa kan.

Frå Gud Fader kom han her,
heim til Gud hans vegar ber,
ned han for til helheims land,
oppfor til Guds høgre hand.

Du som er Gud Fader lik,
ver i vanmakt sigerrik!
Med din guddoms velde kom,
styrk oss i vår armodsdóm!

Klårt di krubbe skina kan,
ljøset nytt i natti rann,
naud og natt til ende er,
trui alltid ljøset ser.

Lov og takk, du Herre kjær,
som til verdi komen er!
Fader god og Ande blid,
lov og takk til evig tid!

Sommeråpne kyrkje

Av Arild Hafsås



Fremste rekke fra venstre: Einar Åbrekk, Reidun Brynstad, Marit Skarstein, Aud I Aabrekk, Aslaug Eide

Midtre rekke fra venstre: Solrun Åbrekk, Berta Gildestad, Anne Berit Bjørdal, Jorunn Aa Myklebust

Bakre rekke fra venstre: Brita Kvamme, Kirsti Fløtre, Oddfrid Vangberg, Egil Åbrekk, Anna Spencer Vangberg, Olav Strand, Egil Solheim, Arild Hafsås

Desse har også deltatt: Bjørg Fløtre, John Selmer Skiftesvik, Johanna S Skarstein, Margun Skarstein, Arne Steinar Muri, Margun Skiftesvik

Det er lita tvil om at turistane som årlig strøymar til Olden, set stor pris på dei sommaropne kyrkjene. Medan mange tek turen til Briksdalsbréen, Hoven eller Geiranger, går det også mange turister i Olden sentrum. Fleire av dei etterspør kultur. Det finn ein sjølvstekt i form av Singerheimen, og dei to kyrkjene våre.

Dei som tar turen innom kyrkjene, skriv mykje godt om dei i kyrkjebøkene.

Det har vore sommaropne kyrkjer i mange år, før 2017 vart det betalt litt for at folk såg til kyrkjene. Sidan 2017 har det vore frivillige folk som har stått i bresjen for å vise fram vår kultur.

Einar Åbrekk har organisert vaktordninga gjennom desse åra. Han har hatt god kontakt med dei frivillige, og dei spørsmål som måtte melde seg.

Årets sesong starta 9 april då "Oldenvennen" Iona kom seglande inn Oldebukta.

Hovudsesongen varer ut august månad. Etter det er kyrkjene kun opne ved skipsanløp.

Det er absolutt på sin plass med ei merksemd til dei frivillige kyrkjevaktene, som gjennom sin innsats gjer Olden til ein spanande turistdestinasjon også innen kultur. Soknerådet var samstemt i å bruke litt pengar i form av ein pizzakveld på gjengen.

Ei god invistering for vidare engasjement i dei sommaropne kyrkjer. Einar Aabrekk har gjort ein solid jobb som organisator, og det er litt vemodig for soknerådet at han takker for seg etter denne sesongen. Tusen takk for innsatsen.

Men det er heldigvis ikkje slik fatt at det skal gå seg rust i kyrkjenøkla-

ne. Reidun Brynstad har alt takka ja til å overta denne jobben, so då skulle alt ligge i dei beste hender.

Olden er mykje meir enn natur, velkomen til sommaropne kyrkjer 2025.

Konfirmantjubeleum i Olden kyrkje

Av Arild Hafsås

Grunna pandemien kom ein litt skeivt ut, derfor var det i år to kull rundt kvart jubilartrinn som vart markert.

Totalt var det 47 personer som meldte seg på jubiléet. Dei vart presentert for kyrkjelyden ved å reise seg ved navneopp. Etterpå vart det fotografering, før turen gjekk vidare til Olden Fjordhotel.

Med følge og representantar frå Olden Sokneråd, vart det festivitas for 60 personar. Der var det servert middag, med mykje god prat ved borda som tilbehør. Det vart halde tale for jubilantane. Sang og musikk var òg på programmet. Soknerådet har hatt evaluering og dei seier seg godt nøgde med årets markering





Fremste rekke fra venstre: Haldis Solveig Kvamme, Audhild Marie Åbrekk Anfinsen, Sigrun Gjerde Sunde, Randi Marie Galtung Andreassen
Bakre rekke fra venstre: Dagrun Annlaug Briksdal, Anne Grete Sunde Tonning, Astrid Frida Gytri Dalset.

61 års kullet



Fremme fra venstre: Aslaug Beinnes Kvame, Kirsti Fløtre, Marit Sunde Opheim
Bakre rekke fra venstre: Per Anskar Skarstein, Lasse Strand, Per Fløtre, Brita Elisa Yri Gjósund, Oddvar Auflem.

70 og 71 års kullet



Fra venstre: Asbjørn Martin Flåten, Helene Vangberg Brynestad, Olav Kvame

80 og 81 års kullet

Ny kyrkjeleg medarbeidar

Av Geir-Ståle Vatnamo



Anne Flore er tilsett som ny kyrkjegardsarbeidar for kyrkjene i Stryn. Ho har hovudansvar for Olden kyrkje, der ho allereie har praktisert som kyrkjetenar 3. november.

Ein kyrkjegardsarbeidar sine oppgåver er mange og ofte utfordrande. Særleg ein kald vinterdag med mykje snø og vind, og ein skal ha gravferd. Men året har heldigvis også mange soldagar der ein i sommarklede m.a. kan sitje på grasklipparen for å slå graset.

Då Kyrkjeklokka møtte Anne Flore til ein kort prat, fekk vi inntrykk av at ho likar utfordringar og likar å jobbe ute. Etter det vi forstår er ho opptatt av å sjå resultat av det arbeidet ein held på med, (og det lovar jo bra).

I dag blir kyrkjene oppvarma automatisk via ein app på mobiltelefonen. Ja, det skal bli spennande

å lære noko nytt, svarar den unge og blide kyrkjetenaren. Anne Flore har eit år på Mo vidaregåande skule i Jølster. Derfrå flytta ho til Måløy og fullførte vidaregåande på ei linje som heiter fiske og fangst. Etter Måløy gjekk ferda til høgskulen i Ålesund der ho fekk utdanning som styrmann på båt.

Etter 11 år på sjøen på supplybåt og sub sea båt, vart ho landkrabbe igjen. Og dei siste 8 åra har den nye kyrkjetenaren vore ekspeditør i butikken til Felleskjøpet i Stryn. Ho er med andre ord van til såkalla «kundebehandling». Derfor trur vi at det ikkje blir vanskeleg for Anne å møte menneske frå vogge til grav i den nye jobben hennar!



STRYN ENØK AS

TOSHIBA
VARMEPUMPER

Treng du ny varmepumpe?
Eller service på den du har?
Ta kontakt, rask levering til rett pris

Salg - Montering - Reparasjon - Service

Alv Terje Glomnes - mob. 921 40704
www.senok.no

EF 842/2006
Isosator
F-GASS CERTIFISERT FORHANDLER

Oddny under open himmel

~
Av
Oddny
Torheim
~



Mot vinter

Ein kveld i september sat eg i stova og såg på himmelen i vest. Han var raud som eit brennande bål. Eg trur knapt at eg har sett han så gløddane før. Vakker var han.

Ein kveld seinare var det skyene i nord og vest som gav meg tankar. Dei var heilt trolske, såg ut som dyr. Begge bilda varte berre nokre minutt, så var dei borte, men eg hadde fått opplevd dei.

Haustmørkret er kome tilbake. Det er godt at vi har straum og mange lampar. Gatelys og refleksstikker lyser langs vegane. Hengande refleksbrikker hengjer vi på ytterkleda våre, eller lysande band er påsydde. Refleksvest er også ypperleg å ha på seg når ein skal ut om kvelden eller om morgonen.

Eg tenkjer tilbake på opplevingar i sommar. Det har vore turistar i fleirtal, bilar, bussar og ikkje minst bubilar. Ein varm dag kom eit par trillande med kvar sin sykkel ned på tunet. Dei var utlendingar. Eg var ute i hagen og arbeidde. Dei rette fram tome drikkeflasker. Eg forstod dei bad om vatn. Dei viste stor takksemd då eg kom tilbake med fulle flasker og ei stor til reserve. Dei laut nok trø litt før dei kom på Høgda, men dei kunne stanse når dei ville, kvile og sjå på naturen. Dei var sine eigne herrar. Eg håpar turen var ei oppleving for dei.

Ut på hausten stansa ein gul turistbuss på busstoppet vårt. Turistane skulle ha seg ein luftepause. Dei var frå Taiwan. Dei kom på rad og

rekke, gåande ned på tunet. Dei såg seg godt om og smilte. Nokre oppdaga eple på eit tre, andre plommer. I det treet stod der to stigar, så det var vel litt freistande. Eg kom til, så dei skulle sleppe å stele. Eg kleiv opp nokre trinn og plukka nokre. Der var mange hender som vart rakte fram. Nokre såg squash, nokre beundra solsikkar som hadde ei høgd mot 2 -3 meter. Andre blomstrar var der å sjå.

To halvfulle bytter med poteter stod på plenen. Eg hadde teke ein pause i opptakinga.

Det vart tekne mange bilde. Så rop-te ei ung jente på meg. Eg forstod at ho måtte på WC. Eg tok ho med meg inn, men så kom der også ein mann etter med same behov. Då tenkte eg: Eg får vel ikkje heile busslasta inn.

Dette var enkle kvardagsopplevin-gar. Eg sat att med takk, ei lita hjelp var gitt.

Vekene går. Ein dag sette eg meg ned og las diktet «Gaver» av Wera Sæther.

*Du er ikke selv
Dine gavers giver*

*Alt har du
Tatt imot*

*Du er
Guds gave
Til deg selv*

*Døpt med navnet
Menneske*

Dei verkelege verdiane, livet, fellesskap, vennskap, kjærleik, evner

og anlegg har vi ikkje gjort oss for-tente til, men dei er gåver. Du er ei-nestående skapt. Bruk dine evner og anlegg!

Så går tanken mot ei ny julehøg-tid. Juleevangeliet har du høve til å høyre eller lese mange gonger. Tre gonger finn vi uttrykket «det skjedde» i denne fortellinga. Det skjedde i Augustus sitt palass. Han bestemte at alle skulle skrive seg i manntal. Etter det vedtaket kom Maria og Josef til Betlehem. Der skjedde det noko i stallen. Maria fødte ein gut som ho sveipte og la i ei krubbe.

Profetiske ord vart oppfylte. Det er det største som har skjedd i menneskehistoria. Vi fekk ny tidsrekning, Førre Kristus og Etter Kristus.

Det skjedde noko på hyrdingmar-ka. Engelen sa: «Eg kjem med bod til dykk om ei stor glede. I dag er det fødd dykk ein Frelsar i Davids by. Då englane hadde fare frå dei attende til himmlen, sa gjetarane; Lat oss gå inn til Betlehem og sjå kva som har hendt og som Herren har kunngjort oss.»

Dette hende for over 2000 år si-dan. Då vart ein frelsar fødd for heile menneskeslekta.

No er vi komne til år 2024, og eit viktig spørsmål er: Gjev du han rom i hjartet ditt?

Jesus sa: «Ingen kjem til Fadaren utan gjennom meg.» Joh.14.6. «Alle som tok imot han, dei gav han rett til å verta Guds born, dei som trur på namnet hans.» Joh.1.11.

Velsigna advents- og juletid !

Samling for 50 års konfirmantar i Nedstryn sokn

Av Sissel Tonning Brekke



Presentasjon av 50-års konfirmantane.

Bak f. v: Tore Bøe, Arne Halsteinslid, Odd Lunde, Hans Sandbakk

Framme f.v: Oddrun Berentzen Mardal, Kristi Johanne Glomnes, Randi Hauge, Aud Jorunn Hool Egge, Margaret Heidi Røyset, Trude Tonning.

Søndag 13. oktober var det duka for den årvisse tradisjonen der 50 års konfirmantar var invitert til gudsteneste og samling i Nedstryn Kyrkje. Dei vart konfirmert i 1974. Sjølv sagt høver det ikkje for alle å kome til Stryn ein søndag i oktober. Veldig kjekt med dei som kom. Det var først prosesjon, der konfirmantane kom inn i lag med prest, ein av årets konfirmantar og leiar i soknerådet.



Anne Margrete Tonning leia programmet i Betania.



Hyggeleg prat rundt langborda i Betania.

I gudstenesta vart alle 50 års konfirmantane presentert ved namn. Offer denne dagen gjekk også i år til Sjømannsforeininga sitt arbeid. Ein fin tradisjon.

Etter gudstenesta var det kyrkjekaffi i Betania. Tonning Sjømannsforeining arrangerte, slik tradisjonen er, denne kyrkjekaffien og stilte på med flott kakebord og kaffi. Det var dekket fine langbord og Anne Margrete Tonning leia programmet her. Anders Viktor Kvile spelte til songane.

Takk til tilsette i kyrkja og alle i Tonning Sjømannsforeining som laga ei hyggeleg stund både i kyrkja og Betania. Ekstra hyggeleg med takk og gode ord frå konfirmantane som var invitert.

Sissel Tonning Brekke
-Leiar i Nedstryn Sokneråd-





Slekt skal følgje slekters gang



Frå kyrkjebøkene

Sokna Innvik - Utvik - Olden - Hornindal - Randabygd - Nordsida - Stryn - Loen - Oppstryn

Nordsida

Døpte:

08.09. Kathrine Selstad Heimlid.
For. Emilie Selstad og Arnar Tøfte
Heimlid

Døde:

16.09. Alv Bergset f. 1931

Randabygda

Døpte:

20.10. Ina Marie Aaland Sivertsen.
For. Maren Anita Aaland og Pål
Martin Lien Sivertsen

Døde:

15.09. Elisa Tvinnereim f. 1933

Reidar Magne Sørland f. 1944
bisett frå Eid Kyrkje

Hornindal

Døpte:

12.10. Eivind Prøven Lien. For.
Susanne Prøven Tangen og Ola
André Lien

Vigde:

12.10. Susanne Johanne Prøven
Tangen og Ola André Lien

Døde:

11.10. Tommy Olai Haugen f. 2000

Oppstryn

Døpte:

28.09. Aline Harstad Nottveit. For.
Vilde Harstad og Magnus Blind-
heim Nottveit

Døde:

17.09. Egil Reidar Flo f. 1946
26.09. Gunnar Skåre f. 1934
11.10. Anton Egge f. 1947

Nedstryn

Vigde:

14.09. Karen Sann Fougner og
Eivind Gjørven Opsahl
28.09. Kristine Tonning og Sigurd
Olai Løvang Berge

Døde:

07.09. Klara Ingeborg Nygård f.
1936
08.09. Arve Lunde f. 1934
16.10. Aud Løken f. 1939
17.10. Aaslaug Meland Langeset
f. 1922

Loen

Døpte:

08.09. Mille Brendefur Loen. For.
Lise Brendefur Halnes og Knut
Håvard Gytri Loen
08.09. Henrik Theodor Sæten. For.
Malin Ek Bråtene og Ole Kristian
Sæten
20.10. Erle Kristine Oppegaard
Nesdal. For. Linn Therese Nesdal
og Steffen Nicolai Oppegaard
Møller-Nielsen
20.10. Luna Sæten Myklebust.
For. Hildur og Alexander Sæten
Myklebust
20.10. Jakob Kvamme. For. Lise
Mari Kvamme Tonning og Per
Øyvind Kvamme

Olden

Døpte:

13.10. Hedvig Briksdal Hagen. For
Mira Briksdal og Sigbjørn Hagen

Døde:

03.09. Jens Bruvoll f. 1935
02.09. Kjell Arne Løken f. 1968
11.10. Ellen Haugen f. 1936
24.10. Roald Gillestad f. 1940

Innvik

Døpte:

06.10. Rakel Hage Brendefur. For.
Ingebjørg Hage og Jon Kristian
Brendefur





Vi les

Bibel saman!

Bibelen er ein skatt! Bibelens historier har gjennom alle tider betydd mykje for folk, og vi trur dei framleis gjer det. Med utgangspunkt i trusopplæringsplanen vil vi i tida framover presentere nokre av dei kjende bibelhistoriene her i Kyrkjeklokka. Tanken er at dette skal vere ei historie som de kan lese saman heime, for barn, barnebarn, fadderbarn eller kanskje eit nabobarn. Lykke til med å oppdage bibelhistoriene saman! Kanskje passar det å tenne eit lys før du startar å lese historia.

Løfte om ein frelsar

av Andreas Kråkenes



Men då Elisabet var i sjette månaden, vart engelen Gabriel send frå Gud til ein by i Galilea som heitte Nasaret, til ei jomfru som var lova bort til Josef, ein mann av Davids ætt. Namnet hennar var Maria. Engelen kom inn til henne og sa: «Ver helsa, du som har fått nåde! Herren er med deg!» Ved desse orda vart ho forskrekka og undrast på kva denne helsinga skulle tyda. En-

gelen sa «ikkje, vær redd, Maria! For du har funne nåde hjå Gud. Du skal bli med barn, og du skal gje han namnet Jesus. Han skal vere konge over Jakobs slekt til evig tid og det skal aldri vere slutt på hans kongedømme» Korleis skal dette skje, eg har jo ikkje vore med nokon mann. Engelen svara: «Den heilage ande skal koma over deg, og krafta frå Den høgste skal skyg-

gja over deg. Difor skal òg barnet som blir fødd, vera heilagt og kallast Guds Son». Og høyr: «Elisabet, slektningen din, ventar ein son, ho òg, på sine gamle dagar. Ho som dei sa ikkje kunne få born, er alt i sjette månaden. For ingen ting er umogleg for Gud.» Då sa Maria: «Sjå, eg er Herrens tenestekvinne. Lat det gå meg som du har sagt.» Så forlét engelen henne.



Barnas



Fargelegg!

Teikning:
Chiara Bertelli



Gje barnebladet
Barnas til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 03 71 00



Kva
høne har
ikkje fjør?
Svar:
Marihøna


Vits



Finn 10 gutenamn



Leit bortover og nedover. Finn du alle?

K	E	Y	J	E	S	U	S	J	N
A	K	S	E	L	T	S	S	O	I
E	S	P	E	N	H	A	T	H	S
R	M	O	R	T	E	N	K	A	A
L	J	Y	M	T	O	D	D	N	K
I	F	V	C	T	D	E	W	N	A
N	K	S	K	K	O	R	K	E	F
G	R	H	U	J	R	Q	A	S	M
O	U	X	J	P	J	W	P	I	E
F	D	Z	T	H	O	R	O	T	A



Finn fem feil

Her fortel Gabriel Maria at ho skal bli mammaen til Jesus. Dei to bileta er nesten heilt like, men kan du finne dei fem feila på biletet til høgre?




Labyrint

Kan du hjelpe Maria å
finne vegen til Elisabet?

Teikning: Chiara Bertelli



Søndagsskolen – mer enn du tror



Søndag er kyrkjedag

Gudstenester i Indre Nordfjord

Vi gjer merksam på at det kan verte endringar, nattverd og offer er ikkje med, så følg med i avisa "Fjordingen".

Sjå også heimesida: stryn.kyrkja.no og på facebook: **Kyrkje i Indre Nordfjord**
Heimeside: www.volda.kyrkja.no

Om det ikkje er gudsteneste i di kyrkje, er du velkommen i ei av dei andre kyrkjene.

01. desember; 1 søndag i adventstida – Matt 21, 10-17

- Nedstryn 11:00 Lys-vaken-gudsteneste
- Nordsida 11:00 Gudsteneste
- Utvik 11:00 Lys-vaken-gudsteneste

03. desember; tysdag

- Nedstryn 09:00 Morgonmesse

08. desember; 2. søndag i adventstida – Joh 16, 21-24

- Oppstryn 11:00 Gudsteneste
- Rand grendahus 12:00 Gudsteneste og basar
- Loen 18:00 Julekonsert
- Hornindal 19:00 Lysmesse
- Olden 20:00 Lysmesse

12. Desember; Torsdag

- Oppstryn 20:00 Julekonsert

15. desember; 3. søndag i adventstida – Joh 5, 31-36

- Olden 14:00 Julekonsert
- Utvik 16:00 Julekonsert
- Innvik 18:00 Julekonsert

22. Desember; 4. søndag i advent – Matt 1, 18-25

- Ljosheim 11:00 Førjulsgudsteneste
- Nordsida 15:00 Julekonsert
- Nedstryn 20:00 Julekonsert

24. desember; Julaftan – Luk 2, 1-20

- Randabygd 13:00 Julegudsteneste
- Loen 13:30 Konsert og 14:00 Julegudsteneste
- Olden 14:00. Julegudsteneste
- Utvik 14:30 Julegudsteneste
- Nordsida 15:00 Julegudsteneste
- Innvik 16:00 Julegudsteneste
- **Nedstryn 16:15 Julegudsteneste**

25. desember; Juledag / Stefanusdagen – Joh 1, 1-14

- Olden 12:00 Høgtidsgudsteneste
- Hornindal 12:00 Høgtidsgudsteneste
- Oppstryn 13:00 Høgtidsgudsteneste

26. desember ; 2. juledag – Joh 16, 1-4a

- Betania, Stryn 11:00 Gudsteneste med juletrengang. Ved Henny Koppen
- Nordsida 11:00 Gudsteneste. Ved Hege Høibye

01. januar; nyårsdag / Jesu namnedag - Matt 18,19-20

- Nedstryn 12:00 Internasjonalgudsteneste. Felles for alle sokna

05. januar; Kristi openberringsdag – Joh 12, 42-47

- Utvik kl. 11:00 Gudsteneste
- Nordsida 11:00
- Olden 19:30 Kveldsgudsteneste med gamle og nye lov-songar, temaforkynning, bønnevandring og nattverd

07. januar; tysdag

- Nedstryn 09:00 Morgonmesse

12. januar; 2. s i openberringstida – Joh 1, 29-34

- Nedstryn 11:00 Speidargudsteneste
- Innvik 11:00 Gudsteneste

19. januar; 3. s i openberringstida – Joh, 1, 15-18

- Oppstryn 11:00 Gudsteneste
- Olden 11:00 Gudsteneste

26. januar; 4. s i openberringstida – Luk 13, 10-17

- Nordsida 11:00 Gudsteneste. Kyrkjehelg. Felles for alle sokna
- Loen bygdehus 16:00 Årsmøtefest

02. februar; 5. s i openberringstida – Joh 5, 1-15

- Utvik 17:00 Sanggudsteneste
- Randabygd 11:00 Gudsteneste

04. februar; tysdag

- Nedstryn 09:00 Morgonmesse

09. februar; Kyndelsmesse – Luk 2, 22-40

- Nedstryn 11:00 Gudsteneste
- Olden 11:00 Gudsteneste

16. februar; Såmannssøndag - Matt 13, 24-30

- Oppstryn 11:00 Gudsteneste
- Innvik 11:00 _Gudsteneste
- Nordsida 20:00 Salmekveld

23. februar; Kristi forklaringsdag – Luk 9, 28-36

- Loen 11:00 Gudsteneste

- Nedstryn 19:00 Salmekveld
- 02. mars; Fastelavnssøndag - Luk 18, 31-34**
- Nedstryn 11:00 Karneval / Tårnagent
- Utvik 11:00 Gudsteneste
- Nordsida 11:00 Karneval
- Solvang, Olden 14:00 Gudsteneste. Årsmøte og årsfest

04. mars; tysdag

- Nedstryn 09:00 Morgonmesse

05. mars; Oskeonsdag

- Olden 20:00 Gudsteneste. Felles for alle sokna

09. mars; 1 s i fastetida – Matt 26, 36-45

- Loen 11:00 Tårnagent
- Innvik 11:00 Gudsteneste
- Oppstryn 20:00 Salmekveld

STAND PÅ JULEMESSE, HEIMLUND, 23.-24. NOVEMBER

Innvik sokneråd vil ha stand på julemessa i Heimlund 23.-24. november

Her vil du få kjøpt jubileumsboka «Innvik kyrkje 200 år» - det bør no vere julegåva til innvikarar i år, anten dei bur her eller har flytta frå bygda....





TRENGER DU NOEN Å SNAKKE MED?

Ring eller skriv. Vi er her. Alltid.

22 40 00 40 ♦ soschat.no

 **KIRKENS SOS**

Tysdag 21. januar 2025 kl. 19.00

Sancta Sunniva Kyrkjeakademi for Nordfjord har invitert Stephanie Dietrich til Sandane kyrkje tysdag 21. januar kl 19. Stephanie er professor i teologi/diakoni, og tema for møtet er diakoni. Utfyllende informasjon kjem seinare.



Informasjon/ Full distribusjon

Returadresse: Rognehaugen 11, 6783 Stryn



Neste nummer får du i posten rundt 21. Mars. Redaktør vert Jarle Hesesevik.
Vi tek svært gjerne i mot stoff på e-post til: jarle.hesesevik@eninvest.net innan 28. Februar.